

# Å FÅ LESAREN TIL Å TENKA SEG OM



Av Eiliv Vinje

***How to Make the Reader Reflect:** Ludvig Holberg's *Memoirs*, originally written in Latin, appeared in Danish translation 1745. The translation has some substantial deviations from the original text. One is comprehensive: A section of moral essays has been removed allegedly because reflections of this kind did not fit into the pattern of an autobiography. Some pages containing satire against people of exaggerated pious sentiment are also removed, probably for fear of censorship. And, finally, there is a deletion of three words which turns Holberg's statement on the Huguenot Pierre Bayle upside down. Bayle's paradoxes, says Holberg, "have given just offense to Christians; good are mixed with bad, and those which are not true are made plausible by the dexterity of the writer...". The translation stops her, but the original text has something more to say: "... and thus gives the reader food for thought" (& *ingenia exercent*).*

Originalteksten og omsettinga. Omsettinga kan følgja originalen nøye, eller den kan stilla seg meir fritt, slik som tilfellet ofte er ved gjendiktingar av poesi. Straks det er avvik, oppstår ein ny og meir samansett tekst – altså i spenninga mellom originalen og den avvikande omsettinga. Dette kan ein erfara også i skriftene til Ludvig Holberg. Eit eksempel frå den svenske utgåva av *Moralske Tanker*: Den danske originalen kom 1744 og blei innan kort tid også omsett til tysk, hollandsk og fransk. Men ei svensk utgåve lot venta på seg, og då den omsider kom 1782 var tre essay fjerna – alle med drøftingar av religiøse spørsmål – og i tillegg hadde omsettaren gjort nokre omskrivingar som gjorde teksten mindre grov. Holbergs ord: "Det Portrait, som gives paa et Fruentimmers Deilighed, paa hendes Bryste, Taille etc." blei omsett med: "Den målning, som gifwes på et skönt Fruntimmers egenskaper".<sup>1</sup>

---

<sup>1</sup> Ehrencron-Müller 1933, 327.

Eg skal stoppa opp ved eit anna slikt tilfelle som eg meiner er underbelyst, nemleg den første omsettinga av dei tre latinske levnetsbrev. Dei latinske originaltekstane kom med fleire års mellomrom i perioden 1728–1743, og den første danske versjonen som omfatta alle tre brev, kom 1745, *Ludvig Holbergs Trende Epistle Til \*\*\* Hvorudi befattes det fornemste Af Hans Liv og Levnet, Oversat af det Latinske i det Danske Sprog*.<sup>2</sup> Forleggar var Ernst Henrich Berling, som også skreiv ein innleiande epistel med opplysning om at omsettinga var gjort på hans – utgjevarens – initiativ. Kven som hadde stått for omsettinga, stod det ingenting om.

Denne omsettinga blei brukt om igjen i fleire seinare utgåver:

Levins utg. *Trende Epistle [...]*, 1857.

Winsnes utg. *Trende Epistle [...]*, 1923.

Billeskov Jansens utg. *Memoirer*, 1943, ny utg. 1963.

Ei ny omsetting, også den anonym, såg dagens lys i 21-bandsutgåva til Knud L. Rahbek, *Holbergs tre Breve til en fornem Herre*, 1814. Denne blei brukt om igjen i to seinare utgåver:

Winkel Horns utg. *Holbergs Levned*, 1897.

Mollerups utg. *Tre Breve til en fornem Herre*, 1912.

Endå ei ny omsetting, ved Chr. Maaløe, kom med *Værker i tolv bind*, 1969–1971, som F.J. Billeskov Jansen redigerte.

Endeleg er det ei fjerde omsetting i A. Kragelunds tospråklege (latin-dansk) kommentarutgåve, *Ludvig Holbergs tre Levnedsbreve*, frå 1965. Denne skal, etter det eg har fått opplyst, ligga tett på den latinske originalen og kan i kraft av det fungera som ‘målestav’ for dei andre utgåvene som her er lista opp.<sup>3</sup>

I omsettinga frå 1745 er det fire strykningar som eg har lagt merke til. Kvar av desse inneber ikkje berre ei forkorting, men også ei endring og ein reduksjon av originalteksten.

Den første strykninga er stor, den omfattar seks fyldige essay som stod til slutt i det Tredje Levnetsbrevet, under overskrifta “Prøve paa et moralsk system”.<sup>4</sup>

---

<sup>2</sup> Det låg allereie føre ei omsetting til dansk av dei to første levnetsbrev, *Professor Ludvig Holbergs Lifs og Lefnets Beskrivelse af Ham selv [...]*, utført av Thomas Georg Krogh, frå Bergen 1741. Herifrå har 1745-utgåva lånt ord og vendingar (Ehrencron-Müller 1933, 111–113; Billeskov Jansen 1943, 161). Men i og med at denne omsettinga ikkje omfattar det tredje levnetsbrevet, held eg den utanfor her.

<sup>3</sup> Ole Thomsen arbeider for tida på ei ny omsetting av levnetsbrev; den vil ligga føre i bokform 2018 og kjem også til å inngå i digitalutgåva *Ludvig Holbergs skrifter*.

<sup>4</sup> Dei blei brukt på nytt i *Moralske Tanker*, frå 1744, i dansk omsetting og med store tilføyingar.

Den andre gjeld eit avsnitt med drøfting av teologiske spørsmål, omfang ca. 10 oktavsider.<sup>5</sup>

Den tredje er kort, berre fire–fem linjer, og kan lesast som yrkessatire, retta mot prestestanden.

Og endeleg eit fjerde tilfelle: Ein stad i omtalen av “filosofen frå Rotterdam”, den landsforviste franske hugenotten Pierre Bayle, har omsettaren – eller kanskje det er forleggaren – fjerna tre ord i den latinske originalen. Dette får konsekvensar.

Eg skal straks sjå litt nærmare på dette, men først ein generell merknad: Viss det var Holberg sjølv som hadde stått for omsettinga, ville det neppe vore meir å seia i denne saka. Det ville derimot vore mogleg å lesa omsettinga som forfattarens “Ausgabe letzter Hand”. Spørsmålet om Holberg sjølv har stått for omsettinga, har vore drøfta, med argument for og imot. Blant dei som har stilt seg avvisande, er Billeskov Jansen, som i sin argumentasjon påkallar eit karakteristisk trekk ved Holbergs prosa: Medan omsettinga frå 1745 har som stilistisk prinsipp *ei forkorta uttrykksform* – for eksempel blir uttrykket “et Hus, som anvendtes til Anabaptisternes Gudstjeneste” forkorta til “Anabaptisternes Kirke” – er det i Holbergs omsetting i *Moralske Tanker* av de seks essay frå det Tredje Levnetsbrevet eit stikk motsett prinsipp som gjer seg gjeldande. “Holberg forlænger, [...] interpolerer i stor Stil sin egen Tekst, langt de fleste Ændringer hos ham er Indskud”.<sup>6</sup> Konklusjonen er at omsettaren må vera ein annan enn Holberg.

Så kan ein spørja: Kvifor desse strykningane? Kva omsyn er det som ligg til grunn for dei? Her er det to svar som melder seg: sjanger og sensur.

Den sjangrologiske grunngjevinga er aktuell for den første strykninga, den som omfatta dei seks essay-tekstane samla under overskrifta “Prøve paa et moralsk system”. Tanken er kort sagt den at desse tekstane ikkje høyrer heime her, i sjølvbiografien, og at dei derfor med fordel kan fjernast.<sup>7</sup> Ikkje berre 1745-omsettinga, men også alle dei påfølgjande utgåver sløyfer “Prøve paa et moralsk system”, med unntak av Kragelunds latin-danske utgåve frå 1965.<sup>8</sup>

Dei tre andre strykningane – nummer to, tre og fire – gjeld alle passasjar med ein samfunnskritisk tendens. Her må det vera omsynet til sensuren som ligg til grunn.

Strykning nummer to omfattar 10 sider om teologiske spørsmål. Her viser forfattere stor interesse for dei engelske deistane. Holberg sluker dei kjetterske skriftene deira og medgir at han forsvarer alle som kritisk vil

---

<sup>5</sup> Også dette stoffet finn ein igjen i *Moralske Tanker*.

<sup>6</sup> Billeskov Jansen 1943, 162 og 176.

<sup>7</sup> Jf. Rahbek 1814, 547 note. Jf. også Ehrencron-Müller 1933, 107.

<sup>8</sup> Ei engelsk utgåve, *Memoirs of Lewis Holberg*, frå 1827, har heller ikkje tatt ut “Prøve paa et moralsk system”.

undersøka si tru, ja han driv denne tanken provokativt til det ytste: “Kætteri i forbindelse med undersøgelse er mere undskyldeligt end rettroenhed uden undersøgelse”.<sup>9</sup> Holberg avviser førestillinga om ein streng og unådig gud, og han er kritisk til pietistiske kristne “der raaber op mod uskyldige fornøvelser, tilraader sørgmodighed og anser trælleagtig frygt for en kristelig dyd”.<sup>10</sup> Bønner til Gud har blitt sløv vane og hykleri.

Jeg ser daglige bønner forenet med daglige synder, og det lader til, at de fleste beder flittigt, for at kunne synde des mere ustraffet, eller synder flittigt, for at kunne bede des mere glødende.<sup>11</sup>

Denne kritikken av gudsdyrking blant pietistar, har nok vore provoserande for presteskapet.

Det er også sprengstoff i strykning nummer tre, ein kortare passasje der Holberg tar prestane i forsvar. Men dét er berre tilsynelatande; satiren ligg på lur: Holberg seier seg ikkje einig med dei som meiner at prestane tener for mye, for – som han seier – viss dei ikkje hadde hatt gode inntekter, kunne dei finna på å “søge sig andre smudsige indtægter, der ikke anstaar sig deres hellige embede”.<sup>12</sup>

Desse strykningane tyder på at tredje levnetsbrev har provosert samtida. Dei er gjennomførte i 1745-omsettinga og dei utgåver som bruker den, utgåvene til Levin, Winsnes og Billeskov Jansen. Den nye omsettinga som Rahbek og seinare Winkel Horn tar i bruk, er derimot utan desse inngrepa; denne omsettinga er frå tidleg 1800-tal, dvs. på trygg avstand frå sensur-regimet i 1740-åra.

Til slutt eit siste inngrep. Det minste, omfattande berre tre ord, men likefullt med den største rekkevidde. Det handlar om Pierre Bayles dristige påstandar om forholdet mellom tru og fornuft. Holberg hevdar at Bayle skremmer dei kristne fordi han blandar saman godt og vondt og gir det falske skin av sanning. Det ein skal leggja merke til her, er at 1745-omsettinga stoppar på akkurat dette punkt i resonnementet, altså med orda “de fleeste ting, som end ere falske, faaer ved Skribenten [Bayle] et Skin af Sandhed”.<sup>13</sup> Men her manglar eit par ord. I den latinske originalen står: “& ingenia exercent”, som Kragelund omset med “og faar læseren til at tænke sig om”, og heilskapen blir då slik:

---

<sup>9</sup> Holberg 1965, 479 (58). Tal i parentes viser til digitalutgåva *Ludvig Holbergs skrifter*.

<sup>10</sup> Holberg 1965, 481 (60).

<sup>11</sup> Holberg 1965, 483 (61–62).

<sup>12</sup> Holberg 1965, 515 (83).

<sup>13</sup> Holberg 1745, 262. Likeins i utgåvene til Levin (Holberg 1857, 198), Winsnes (Holberg 1923, 168) og Billeskov Jansen (Holberg 1943, 166–167).

Adskillige af den sidstes [Bayles] paastande faar med grund kristne til at gyse. Slet og godt er blandet sammen; og det usande sandsynliggøres ved forfatterens behændighed *og faar læseren til at tænke sig om*.<sup>14</sup>

Dei utgåver som følgjer 1745-omsettinga står alle utan denne tilføyinga (som her er kursivert), medan Rahbek og tradisjonen etter han har den med. Hos Rahbek står “og øver Geniet”,<sup>15</sup> hos Winkel Horn “saa det tjener Aanden til Øvelse”,<sup>16</sup> og omsettinga til Maaløe sluttar med: “Det virker skærpende paa Læserens Intelligens”.<sup>17</sup>

Det gjer stor forskjell at denne slutten – «og faar læseren til at tænke sig om» – blir utelatt. Kva omsettaren eller forleggaren kan ha tenkt, skal eg ikkje gi meg inn på. Men effekten er klar: I den fullstendige teksten er det ei rørsle frå minus til pluss. Først *distanserer* Holberg seg til Bayle ved å hevda at “det usande sandsynliggøres ved forfatterens behændighed”. Distanseringa manifesterer seg i ordvalet. Men ved å føya til “og faar læseren til at tænke sig om” trykker Holberg Bayle til sitt bryst.

Ved å skjera vekk slutten forsvinn denne rørsle. Den anonyme omsettar og hans forleggar oppnår i staden å *plassera Holberg*, nagla han fast med den implisitte påstanden: *Holberg tar avstand frå Bayle. Punktum*. Men dette er ei dvask idehistorisk innplassering, og berre halve sanninga, eller knapt nok det. Holberg tar avstand til Bayle, ja, men siste ord er ikkje sagt med det. Bayle gav Holberg noko å tenka på, og det er dette – å få lesaren til å tenka seg om – som også er Holbergs budskap.

---

<sup>14</sup> Holberg 1965, 461 (s. 46 i digitalutgåva *Ludvig Holbergs skrifter*). Kursivering gjort her.

<sup>15</sup> Holberg 1814, 491.

<sup>16</sup> Holberg 1897, 235.

<sup>17</sup> Holberg 1969–1971, bd. 12, 214.

## Litteratur

### Holbergutgåver

- Holberg, Ludvig 1745, *Ludvig Holbergs Trende Epistle Til \*\*\* : Hvorudi befattes det Fornemste Af Hans Liv og Levnet / Oversatte af det Latinske i det Danske Sprog*. Kjøbenhavn, 1745. Trykt og bekostet af Ernst Henrich Berling, og findes hos hannem tilkiøbs.
- Holberg, Ludvig 1814, *Holbergs Levnet forfattet af ham selv i tre Breve til en fornem Herre*, *Ludvig Holbergs udvalgte Skrifter* 21, ed.: K. L. Rahbek, Kjøbenhavn, 207–550.
- Holberg, Ludvig 1857, *Ludvig Holbergs trende Epistler til \*\*\* : hvorudi befattes det fornemste af hans Liv og Levnet / oversatte af det latinske i det danske Sprog (1745)*. ed.: I. Levin, forord av C.W. Smith, København.
- Holberg, Ludvig 1897, *Holbergs Levned fortalt af ham selv i tre latinske breve til en fornem herre*, ed.: Fr. Winkel Horn, København & Kristiania.
- Holberg, Ludvig 1912, *Tre Breve til en fornem Herre eller Holbergs Livsroman*, ed. W. Møllerup, København (*Samlede populære Skrifter* 12).
- Holberg, Ludvig 1923, *Ludvig Holbergs trende Epistler til \*\*\* : hvorudi befattes det fornemste af hans Liv og Levnet / oversatte af det latinske i det danske Sprog [1745]*, ed.: A. H. Winsnes, Kristiania & Kjøbenhavn (*Comoedierne og de populære skrifter. Festutgaven 1922*, 5).
- Holberg, Ludvig 1943, *Ludvig Holbergs Memoirer: Kommenteret udgave med samtidige illustrasjoner*, ed.: F.J. Billeskov Jansen. København. (Ny utg. 1963).
- Holberg, Ludvig 1965, *Ludvig Holbergs tre Levnedsbreve 1728–43*. Latin-dansk utg. ved A. Kragelund, København.
- Holberg, Ludvig 1969–1971, *Værker i tolv Bind*, ed.: F.J. Billeskov Jansen. København.
- Holberg, Ludvig 2015, *Ludvig Holbergs Skrifter* ([holbergsskrifter.dk](http://holbergsskrifter.dk) / [holbergsskrifter.no](http://holbergsskrifter.no)). Det Danske Sprog- og Litteraturselskab og Universitetet i Bergen.

### Annan litteratur

- Ehrencron-Müller, H. 1933, *Forfatterlexikon omfattende Danmark, Norge og Island indtil 1814*, b. X, København.
- Billeskov Jansen, F. J. 1943, “Den anonyme Oversættelse (1745) af Holbergs tre Levnedsbreve”, *Orbis litterarum*, 161–178.
- Ilsøe, Harald 1973, “Historisk censur i Danmark indtil Holberg”, *Fund og*

- Forskning* 20, 45–70.
- Ilsøe, Harald 2007, “Censur og approbation”, *Umisteligt, festskrift til Erland Kolding Nielsen*, eds.: John T. Lauridsen & Olaf Olsen, København, 119–135.
- Kondrup, Johnny 1982, *Levned og Tolkninger: Studier i nordisk selvbiografi*, Odense.
- Mortensen, Karl 1922, “Om Ludvig Holberg som Oversætter”, *Holberg Aarbog*, eds.: Francis Bull & Carl S. Petersen, Kristiania & København, 40–83.
- Rubow, Paul V. 1923, “I Anledning af forskellig nyere Holbergglitteratur”, *Tilskueren* 40, 1, 236–248.
- Smith, C.W. 1857, “Ludvig Holbergs tre latinske Breve om sit Liv og Levnet”, *Ludvig Holbergs trede Epistler til \*\*\**, ed.: I. Levin, København, III–XIV.
- Vogel-Jørgensen, T. 1949, *Berlingske Tidende gennem to hundrede aar*, København.
- Thomsen, Einar 1954, *Sfinxen: Streger til et Holbergportræt*, København.

